

**Sakshandsamar:**Glenn Heine Orkelbog  
E-post: Glenn.Heine.Orkelbog@sfj.no  
Tlf.: 41530612**Vår ref.**Sak nr.: 17/6873-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**  
34053/17**Dykkar ref.**  
201300203-9**Dato**  
LEIKANGER, 12.09.2017Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)  
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

**Stryn kommune - Høyring av søknad om Melkevoll kraftverk - Kulturminnefagleg fråsegn**

Det ligg ikkje tidligare automatisk freda kulturminne eller SEFRAK registrerte bygningar innanfor tiltaksområde.

Tiltaksområde består i øvre del hovudsakleg av blokkmark og rasmassar. I nedre halvdel er terrenget meir ope og det førekjem dyrka mark. Den dyrka marka vert etter planen råka av planlagd massedeponi.

Sogn og Fjordane fylkeskommunen meiner det føreligg eit potensiale for å gjere funn av automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområde. Det kan vere i form av førhistoriske busetjingsspor, dyrkingsspor eller utmarkskulturminne.

Vi finn derfor grunnlag for å stille krav til gjennomføring av ei arkeologisk registrering. Registreringa skal oppfylle tiltakshavars undersøkingsplikt jamfør kulturminnelova § 9. Etter kulturminnelova § 10 skal tiltakshavar sjølv dekke kostnadene til gjennomføring av registreringa.

Registreringa kan berre gjennomførast på bar og telefri grunn.

Vi ber tiltakshavar ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune for nærare avklaring kring omfanget på og tidspunktet for registreringa.

Tiltakshavar kan ikkje i verksetje tiltak i samband med oppføring av Melkevoll kraftverk før endeleg uttale på bakgrunn av varsla registrering føreligg.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
Ass. fylkesdirektørGlenn Heine Orkelbog  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

**Mottakar (ar)**

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve) Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO